



Førebels har Hans Reidar Kjærland fått ein blome og det skjedde i føremiddag på produsentmøtet. TINE var representert ved Borghild Reenskaug og til venstre står leiar i produsentlaget Lars Johan Nes

**Under det årlege produsentmøtet for mjølkeprodusentar i Kvinnherad, Odda og Ullensvang i dag vart det kunngjort at uskedelingen Hans Reidar Kjærland og sambuar Anne Marit Myhre i år får sølvtime. Det er ein høgthengande påskjønning for leveranse av elitemjøl i 15 år på rad og tildelinga skjer under landsmøtet til TINE i april. Kjærland har no vore mjølkeprodusent i 20 år. For 3 år sidan fekk Arne Johannes Haugland i Uskedalen sølvtime.**



Anne Marit Myhre (lengst til venstre) orienterer ein austerrisk delegasjon som var på garden for 2 år sidan

Borghild Reenskaug som sit i rådet for TINE opplyste om tildelinga i føremiddag på Dahlheim i Omvikedalen og siterte konsernsjef Hanne Refsholt. Ho konstaterer at andelen av mjølkebønder som leverer elitemjøl aldri har vore høgare enn ifjor. Sølvтина er det høgste heidersbevis TINE har og meir enn 100 får ho dette året. Konsernsjefen slår fast at dette er ein maratonprestasjon som kan samanliknast med kvar dag å gå opp i Holmenkollen og gjennomføra eit hopp til botnen av bakken med tre gonger 19,5 i still! Operasjonen er biologisk og kompleks i mange ledd og har mange usikkerheitsfaktorar.

Mange krav må tilfredsstillast, til dømes til bakterieinnhald, celletal, lukt og smak. Avgjerande er også kontroll av anlegget, hygiene, vasskvalitet og temperatur.

Folgefonna produsentlag har no 93 føretak som medlemmer etter ein mindre nedgang. Laget omfattar Kvinnherad på sørsida av fjorden, Ullensvang og Odda og inne i fjorden er berre 14 produsentar med. Alle dei 7 samdriftene i laget som er medlemmer er i Kvinnherad og dei fleste av dei kan ein finna i Omvikedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen